



TELEMARKHELTEN AS
Sam Eydes gate 93

3660 RJUKAN

Delegert sak nr. 15/55

Sakshands.	Saksnr.	Løpenr.	Arkiv	Dato
TORILNI	2013/864	23358/2015	223	23.12.2015

TelemarkHelten AS - søknad om tilskot

Dokument i saka:

1. Søknad av 01.12.2015 om tilskott for 2016.

Bakgrunn:

TelemarkHelten AS blei etablert i 2010 med I.L. Dyre Vaa, Rauland og Tinnløypa, Rjukan som aksjonærar fordelt med 50 % på kvar. Bak Tinnløypa står Rjukan I.L., Tinn I.L. og Tinn Snøskuteklubb. TelemarkHelten er ein trippel med Helterennet (Rauland), Helterittet (Rjukan) og Helteløpet (vekslar mellom Rauland og Rjukan). Arrangementa har vokse år for år med og har no ca 1200 deltakarar på rennet, ca1100 på rittet og ca 500 på løpet. I 2015 var det også Norgesmesterskap i Terreng sykkel saman med rittet.

TelemarkHelten AS fekk i 2013-2015 kr. 150.000 i årleg tilskott til vidareutvikling av konseptet. Tilsvarende tilskott blei ytte frå Tinn kommune og Telemark utviklingsfond (TUF). Det er no tid for å arbeide ytterlegare med oppbygging av organisasjonsapparat samt sponsor og marknadsoppgåver. Målet er å få fleire deltakarar på kvart arrangement og få større regional og nasjonal merksemd. Dette er eit krevjande arbeid der det trengs ekstra ressursar. Tinn kommune og TUF er også søkt om tilsvarende tilskott for 2016.

Vinje kommune har frå starten løyvd tilskott til Haukelirennen. Haukelirennen og Helterennet er viktige arrangement for Vinje kommune som skaper mykje merksemd og marknadsfører kommunen på ein god måte. Helteløpet er her annankvart år, og det er vitig med arrangement i kommunen også sommarstid.

Einingsleiar sitt vedtak:

Vinje kommune løyver inntil kr. 150.00,- i tilskott til TelemarkHelten AS for 2016.
Tilskottet skal nyttast til vidareutvikling i tråd med søknaden.

Med helsing

Toril Nicolaisen
nærings sjef

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.